


Skorpo-anlegget fekk ja av formannskapet

16.08.2007



Anlegget ved Eidsvikøya blir no fjerna og verksemda konsentrert til utsida av Skorpo, nærmere bestemt til staden som er markert lengst ute. I dag ligg Skorpo-anlegget ved det indre merket.

Då saka var oppe i februar, vart ho utsett av formannskapet med knappast mogeleg fleirtal i påvente av

ein analyse av dei ringverknader som havbruksnæringa gjev i Kvinnherad.

Men då ho kom opp att torsdag gjekk politikarane samråystes inn for utviding og justering av matfiskanlegget til Sjøtroll på utsida av Skorpo. No er det berre handsaminga i Fiskeridirektoratet som står att før saka er endeleg vedteke.

Det heiter og i vedtaket frå formannskapet at det i påvente av sentralt fastsette arealavgifter skal utarbeidast avtalar om økonomisk kompensasjon. Forhandlingar om slike avtalar er allereie godt i gong mellom Sjøtroll og kommunen og det var ikkje minst derfor saka gjekk så glatt igjennom denne gongen. Resultatet av forhandlingane vil bli lagt til grunn for tilsvarande avtalar med andre oppdrettsselskap.

Bakgrunnen for at saka kom opp att no var ei henstilling frå Sjøtroll om behandling så snart som mogeleg slik at det kan finna stad smoltutsett i haust.

Sjøtroll har no produksjon både på nordsida av Eidsvikøya og utsida av Skorpo.

Det som vil skje er at produksjonen ved Eidsvikøya vert sletta og flytta til Skorpo, men produksjonen blir då samla på ein stad noko lenger frå land enn i dag. Den får eit volum på 3.120 tonn biomasse og anlegget vil liggja 160 meter ute. Det er så langt ute som mogeleg.

Det blir ikkje nokon auke i samla biomasse i området.

I formannskapet sa Knut Prestnes (Sp) at Kvinnherad førebels ikkje har fått så mykje att når ein tek omsyn til det areal som dei mange oppdrettsanlegga disponerer. Sjølv hadde han gått inn for at etableringa bør gje meir både til kommunen og grunneigarane.

Rådmannen kom inn på regjeringa sitt framlegg om ei arealavgift som skal innførast ved framleggjingga av statsbudsjettet for 2010.

- Det er betryggande at vi no er i dialog med Sjøtroll om ein form for kompensasjon. Det vil vera gunstig om vi blir einige om ei friviljug ordning før den pålagte avgifta kjem, sa rådmannen.

Ordførar Bjarne Berge sa at rådmannen må arbeide vidare med saka.

Ingrid Skeie (H) var den som sist vinter kom med framlegget om ein analyse av avkastninga slik at saka vart utsett. Slik den har utvikla seg, var ho no for rådmannen sitt framlegg om å seia ja til Skorpo-anlegget. Det same var varaordførar Otto Benjaminson (KrF).

- Dette ser bra ut, aktørane viser vilje til å komma fram til ei løysing. Det tyder også på at næringa tykkjer Kvinnherad er ein attraktiv plass å driva på, sa han.

Av Ola Matti Mathisen